



HORDALAND FYLKESKommUNE

Postboks 7900

5020 BERGEN

Referanser:

Dykker:

Vår: 14/1889 - 15/29992

Saksbehandlar:

Christian H. Reinhol

Christian.Reinhol@lindas.kommune.no

Dato:

18.09.2015

## Høyringsuttale til søknad etter akvakulturlova om utviding av akvakulturanlegg Storskrebukti

Lindås kommune viser til motteken høyring av søknad etter akvakulturlova om utviding av areal og biomasse på lokalitet Storskrebukti, samt søknad om løyve til dyrking av blåskjel på same lokalitet. Søknaden har vore på høyring i kommunen i 4 veker og det har kome inn ein merknad til søknaden. Merknadshavar peiker på at det vil verte eit meir konsentrert utslepp frå lokaliteten når ein samlar produksjonen frå både Øvreås og Storskrebukti lenger inn i fjorden slik det vert søkt om. I tillegg vert det peika på at det er både fordelar og ulemper ved kombinasjonsdrift, til dømes kan blåskjellarver føre til auke tilgroing på oppdrettsmerder og redusere vassgjennomstrauming. Vidare vert det peika på at endeleg plassering av ankerfester må rapporterast til ansvarleg mynde og at fullstendig opprydding i tilknyting til anlegget på Øvreås må gjennomførast.

Lindås kommune vil vise til dispensasjonsvedtaket som vart gjort i høve auka arealbruk for anlegget og ber om at dei krava som vart sett fram frå kommunen der vert følgt opp av Hordaland fylkeskommunen i samband med etableringa av anlegget. Når det gjeld kombinasjonsdrift med blåskjel som det vert søkt om, er kommunen positiv til ei slik drift som omsøkt. Samdrift som kan redusere og akkumulere utslepp knytt til drift av akvakulturanlegg og utnytte avfall/utslepp frå anlegga anser kommunen som eit framtidsrettet tiltak innanfor næringa. Kommunen vil likevel peike på at det er viktig å ha på plass ei sikring av at anlegget ved ei eventuell nedlegging vert rydda i høve dei retningslinene som gjeld innanfor akvakulturlova og hamne- og farvasslova.

Vidare vil kommunen peike på at det er sentralt at endelege plasseringar av ankerfester og fortøyinger vert rapportert inn til kommunen si geodataavdeling og ansvarlege i Kystverket når desse er klare. Det er sentralt for kommunen å ha denne informasjonen i sitt kartgrunnlag for bruk i framtidig planlegging. Det vil også vere viktig at ved ei avvikling av lokaliteten på Øvreås, at fylkeskommunen set krav om at alle fortøyinger og ankerfeste vert rydda. Utover dette har ikkje kommunen spesielle merknader til søknaden.

Med helsing

**Post**

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Christian H. Reinshol  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Merknad til høyring av søknad om utviding av akvakulturanlegg etter akvakulturlova  
Havforskningsinstituttet - Multitrofisk akvakultur\_ Mulighetene for grønn ut  
Multitrofisk akvakultur  
Vedtak - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for utviding av akvakulturanlegg i  
Storskredbukt

**Kopi til:**

Hordaland fylkeskommune

**Mottakarar:**

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900

5020

BERGEN